Statens vegvesen

Sunnfjord kommune
Postboks 338

6802 Førde

Behandlande eining:	Sakshandsamar/telefon:	Vår referanse:	Dykkar referanse:	Vår dato:
Transport og samfunn	Oddvar Andreas Skrede / 94383151	26/45410-2	25/8813-5	04.03.2026

Uttale – Varsel om oppstart av planarbeid – detaljregulering Nye Førde omsorgssenter – Sunnfjord kommune

Vi viser til ovannemnde varsel med uttalefrist 13.03.2026, der Sunnfjord kommune varslar oppstart detaljregulering av Nye Førde omsorgssenter.

Planarbeidet er basert på to alternativ:

- å bruke tomta til Førde barneskule til nytt omsorgssenter
- utbygging på eksisterande sjukeheim.

Prosessen vil avklare kva for eit område reguleringsplanen skal omfatte.
Sidan planområdet er regulert til offentleg og privat tenesteyting i arealdelen i kommuneplanen vurderer kommunen at det ikkje er krav om planprogram eller KU. Begge alternativa for lokalisering av Nye Førde omsorgssenter har tilkomst via kommunalvegane (KV) Langebruvegen, Kyrkjevegen og Elstervegen. Planområdet ligg på begge sider av Kyrkjevegen med godkjend detaljreguleringsplanen 28.11.21.

Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretekne i planlegginga.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00

firmapost@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Sanderplassen 6
6800 FØRDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Vi skal bidra til å følgje opp FNs berekraftsmål retta mot transportsektoren gjennom oppfølgingar av NTP-måla der hovudmålet er eit effektivt, miljøvennleg og trygt transportsystem i 2050. Under er det fem likestilte mål;

- Enklare reisekvardag og auka konkurranse for næringslivet
- Bidra til oppfylling av Noregs klima- og miljømål
- Nullvisjon for drepne og hardt skadde i trafikken
- Effektiv bruk av ny teknologi
- Meir for pengane

Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten og som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport. Vårt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikktryggleik, framkomme, universell utforming, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivareteke i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Gjennom vårt sektoransvar skal vi bidra til samarbeid mellom aktuelle myndigheiter, næringsliv og innbyggarane med mål om ei berekraftig utvikling.

I denne saka uttalar vi som sektoransvarleg for vegtransport.

Konkrete innspel til planarbeidet

I overordna plan er areala, for begge alternativa, regulert til offentleg eller privat tenesteyting.
Begge alternativa for lokalisering av Nye Førde omsorgssenter har tilkomst via dei kommunale vegane (KV) Langebruvegen, Kyrkjevegen og Elstervegen. Planområdet ligg på begge sider av Kyrkjevegen som nyleg er regulert i detaljreguleringsplanen Kyrkjevegen. Vegvesenet legg til grunn at drøftingar og avklaringar knytt til trafikksikkerheit og framkomst på desse vegane skjer i dialog med dei aktuelle vegstyresmaktene.

Vi minner også om at vegnormalane gjeld for alt offentleg vegnett. Dersom det vert planlagt for fråvik frå desse legg vegvesenet til grunn at det kjem klart fram av planomtalen og at eventuelle fråviksøknader er avklara med rett styresmakt før planen leggast ut til offentleg ettersyn.

Både Kyrkjevegen og Elstervegen er omfatta av Førdepakken si tilrettelegging for mjuke trafikkantar og inngår som ein del av skuleveg til både barneskule og ungdomsskule. Vegvesenet føreset at begge alternativa for lokalisering av omsorgssenteret vil medføre auka trafikk av besøkande, tilsette og tenesteyting knytt til senteret. Vi forventar difor at planarbeidet opprettheld og sikrar minst like god trafikksikkerheit for alle trafikkantgrupper som det allereie er i området i dag. Også regulert for i den delen av Kyrkjevegen som ligg i planområdet.

I samband med ny utbygging i tettstader/tett by vil vi framheve at det er viktig å ha fokus på trafikksikre løysningar for renovasjon, tenesteyting og varelevering tidleg i planlegginga.

Parkering og byggegrense:

Parkering skal ikkje skje innanfor byggegrense med mindre det vert avklart gjennom planprosessen. Parkering må etablerast slik at parkerte objekt, eller deler av desse, ikkje står i siktsoner til kryss og avkøyrsler. Dette gjeld også for siktsoner til fortau samt gang- og sykkelveg. Vi viser her til reglane i N100. Det må gå fram av planframlegget korleis parkering er tenkt løyst.

Vi legg til grunn at reguleringsplanen vil innehalde rekkefølgjekrav som sikrar at tiltak knytt til trafikksikkerheit, framkomst m.m. vert gjennomført i samband med den utbygginga som vert regulert.

Plankart bør vise målsette byggegrenser og siktlinjer/siktsoner. Desse må også vere forankra i føresegner. Siktkrav til eventuelle avkøyrsler vist med avkøyrslepiler bør kome klart fram i planen sine føresegner.

Generelle krav til planarbeid

Statens vegvesen legg til grunn at verknadane planløysingane vil ha for vegtransport og vegnett vert utgreia og kjem tydleg fram av planomtale, risiko- og sårbarheitsanalyse og eventuell konsekvensutgreiing. Dette gjeld generelt:

- trafikksikkerheit for ulike trafikantgrupper
- tilkomstløysningar
- forventa trafikkmengd og kapasitet på vegnettet
- trafikkmønster og reisemiddelfordeling
- parkeringsdekning og -behov
- framkomst for ulike trafikantgrupper
- ivaretaking av ovannemnde omsyn i anleggsperioden

Eventuelle konsekvensar for utvikling, drift og vedlikehald av vegnettet og for samordna bustad -, areal- og transportplanlegging, universell utforming, trafikksikkerheit og framkomst må også utgreiast. For meir utfyllande informasjon om utgreiingskrava viser vi til Statens vegvesen si handbok V744.

Statens vegvesen sin uttale til varsel om oppstart er ikkje uttømande. Når eit planframlegg vert lagt ut til offentleg ettersyn, vil vi kunne kome med ytterlegare innspel og merknader.

Konklusjon:

Statens vegvesen viser til våre innspel over og ber om at dei vert teke med i det vidare planarbeidet.

Transport vest - transportforvaltning 1
Med helsing

Torun Emma Torheim
Seksjonsleiar

Oddvar Skrede

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Statsforvaltaren i Vestland (3), Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG, Askedalen 2, 6863 LEIKANGER